



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

21.10.2019

Vår ref:

2019/17351

Dykkar dato:

05.09.2019

Dykkar ref:

201906032

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om regulering av Dalsætervatnet i Tysnes kommune

Fylkesmannen meiner at inngrep knytt til reguleringa av Dalsætervatnet vil føre til uønskte inngrep i eit urørt naturområde, og som er eit regionalt svært viktig friluftsområde. Desse negative konsekvensane skal vegast opp mot eit relativt lite årleg energiutbytte. Vi rår frå at det blir gitt konsesjon.

Vi viser til oversendinga høyringsfråsegna vår 5.9.2019 som gjeld høyring av søknad om regulering av Dalsætervatnet.

Solheimsdalen kraftverk fekk konsesjon i 2017 for ei utbygging med inntak i Brekkeelva, men dette er ikkje bygt. I høyringa av denne saka påpeikte Fylkesmannen at vassdraget ikkje var påverka av større tekniske inngrep, og strekninga frå skianlegget ved Tømberhaugen og opp til Dalsætervatnet er veglaust.

Om utbyggingsplanane

Solheimsdalen Kraft AS ønsker å utnytte Dalsætervatnet som reguleringsmagasin for Solheimsdalen kraftverk, med LRV på kote 333,8 og HRV kote 335,8. Det er planlagt å sleppe minstevassføring ved reguleringsdammen på 51 l/s i sommarperioden og 27 l/s i vinterperioden (alminneleg lågvassføring er 41 l/s, 5-persentil sommar er 40 l/s, og 5-persentil vinter er 51 l/s). Det er planlagt ein kilometer mellombels anleggsveg, som i driftsfasen skal graderast ned til køyresterkt terreng. For å minimere skade på myr ved Dalsæterelva, skal vegen leggjast oppe i terrenget. Det er også planlagt eit veglaust alternativ. Reguleringa vil auke årsproduksjonen i kraftverket vesentleg, frå 1,5 GWh, til totalt 10,0 GWh.

Søkar si omtale av verknader

Vassfuglefaunaen i Dalsætervatnet er ikkje kartlagt i detalj. I miljørapporten er det opplyst at strandsnipe, og kanskje også krikkand, førekjem, og at vatnet også kan vere fiskevatn for smålom som kan hekke i småvatn i kystfjella i Tysnes (jf. Lomtjørn som ligger like sørvest for Dalsætervatn).

Det ikkje venta at den tette og småfalne aurebestanden i Dalsætervatnet vil bli negativt påverka av reguleringa. Miljørapporten påpeiker at det vil vere viktig å unngå større vasstandsreduksjonar når viktige næringsdyr for auren reproducerer, nærare spesifisert til perioden juli til ut i oktober. Fyllinga av magasinet er også omtalt som viktig for aure på gytevandring til eigna område i tilløpselvane.

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Miljørapporten konkluderer med at ei manøvrering på to meter er venta å vere lite-moderat forskjellig frå naturtilstanden i Dalsætervatnet, og verknader og negative konsekvensar på botndyr, fisk og vassfugl (og akvabotanikk) vil være moderate, dvs. samla sett middels negativ konsekvens. Negative konsekvensar for spesifikk terrestrisk natur i demningssona vil vere på eit noko lågare nivå, liten til middels negativ konsekvens. Inngrep i myrområda og ved bygging av demninga i utløpet av Dalsætervatnet bør minimerast.

Solheimsdalen og tilgrensande fjellområde er mykje brukt til lokalt friluftsliv. Det går ein populær tursti frå parkeringa ved skianlegget til Grovatnet og omkringliggjande fjelltoppar, som den populære Tysnessåta. Dalsætervatnet ligg noko tilbaketrekt og skjerma frå dei mest brukte turstiane, og ei regulering av Dalsætervatnet er ikkje venta å få nemneverdige konsekvensar for friluftslivet.

Våre merknader/vurderingar

Friluftsområdet i Solheimsdalen og fjellområda har status som regionalt friluftsområde, med verdi «svært viktig» ([Naturbase faktaark FK00010510](#)). Det er omtalt som eit «*stort og svært populært turområde med fleire merka turstigar*», og det inkluderer større samanhengande område med urørt natur. Vår vurdering er at det vil vere uheldig med inngrep inn i urørt natur som kan ha verdi for økosystemtenester som ikkje er kjent, i tillegg til den regionale verdien for friluftslivet.

Ved å leggje anleggsvegen oppe i terrenget, reknar utbyggar med å minimere inngrep i myra langs Dalsæterelva ved Tømberhaugen. Dette er ein viktig naturtype med verdi «lokalt viktig» ([Naturbase faktaark BN00000855](#)), og det må stillast krav om at myra skal oppretthaldast. Vegen vil likevel medføre landskapsinngrep inn i friluftsområdet, og alternativet med veglaus utbygging må vere ein føresetnad dersom det skal gis konsesjon.

I bakgrunnsnotatet for konsesjonen til Solheimsdalen kraftverk står det (s. 19) at det er ål i Singelstadvatnet, men «*det er ikke kjent eller forventet at arten vandrer særlig videre oppover i Brekkeelva selv om det ikke kan utelukkes.*» I Artskart ligg det derimot inne ei registrering i Grovatnet, som ligg oppstraums Dalsætervatnet (Artskart, funn 1.7.1989). Dersom det skal gis konsesjon må det dermed setjast vilkår om at vandringsvegen for ål må oppretthaldast. Dette kravet må gjelde både oppstraums og nedstraums vandring, og må sjølvstendig også gjelde inntaket til kraftverket som vil kome i Brekkeelva.

Nedtapping av magasinet vil tørrleggje grunne område av vatnet, og denne reguleringseffekten kan opplevast som eit inngrep i det som i dag er urørt natur. Vi legg elles til grunn miljørapporten som har vurdert at konsekvensane for reguleringa til å bli moderate for fisk og vassfugl.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL